

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 17.11.2025

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid: Måndag 17.11.2025 kl. 10:00 – 13:00
Møtestad: Hovudkontor Eidsmona, Sandane

Til stades: Sven Flo, Jan Henrik Nygård, Marit Elisabeth Larssen
Gunn Sande, Jorunn Frøyen og Tor Olav Sande

Forfall:

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Alexander Wilke

Innleiingsvis kort presentasjon av ny miljø- og kvalitetsrådgjevar Eivind Evebø og ny næringskontakt Sindre Willumsen.

33/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret gjorde deretter følgjande
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 34/25 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 15.09.25 er godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.11.2025

SAK 35/25 PERIODEREKNESKAP PR. 31. AUGUST 2025

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

Bokført resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 2.815.000,- mot budsjett kr. 421.000,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 3.030.000,- mot budsjett kr. 149.305,-

Kommentarar:

- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert i samsvar med faktisk fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura er bokført/avsett i perioden

Oppsummering resultat

Netto positivt resultat skuldast i hovudsak:

- 1,2mill. i ekstraordinære inntekter sal av driftsmidlar (maskiner/lastebilar)
- 1,7 mill. lågare handsamingskostnader avfall enn budsjett (primært nedgang i restavfall)
- 1,3 mill. under budsjetterte andre driftskostnader
- 0,5 mill. over budsjett i resultat finans

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 31. august 2025 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.11.2025

SAK 36/25 MØTEPLAN 2026

Møteplan for styret

- Måndag 2. februar Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 16. mars Styremøte – digitalt
- Måndag 15. juni Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 14. september Styremøte
- Måndag 16. november Styremøte

Styret sitt

VEDTAK

Framlegg til møteplan vart samrøystes vedtatt.

SAK 37/25 EIGARSKAP GJENBRUKSSTASJON PÅ HAUGEN (unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

SAK 38/25 NY GJENBRUKSSTASJON I STRYN (unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.11.2025

SAK 39/25 NYTT KUNDEHANDSAMINGSSYSTEM

BAKGRUNN

Viser til styresak 25/25– Nytt kundehandsamingssystem

Styret sitt

VEDTAK

Styret i NoMil gjev styreleiar og administrasjonen fullmakt til å inngå partneravtale med Asplan Viak om nytt kundehandsamingssystem «Adaptive renovasjon».

SAKSUTGREIING

NoMil må ha på plass nytt kundesystem i løpet av 2. halvår 2026.

Administrasjonen har dei siste månadane vore i dialog med renovasjonsselskapet NGIR – Norhordland og Gulen Interkommunale renovasjonsverk, som i fleire år har hatt eit tett samarbeidd med konsulentselskapet Asplan Viak om utvikling av systemet «Adaptive Renovasjon» - eit nytt kundehandsamingssystem.

Arbeidet er no vidareført til det nyetablerte dotterselskap Avinet AS, som og leverer tenester til stat, fylkeskommunar, kommunar, forsvaret, Kystverket samt private aktørar.

Testkøyring av grunnplattforma i Adaptive Renovasjon startar hos NGIR i november/ desember 2025. Planen er å erstatte deira eksisterande kundesystem KOMTEK med Adaptive Renovasjon i løpet av 1. halvår 2026.

Avinet AS har invitert NoMil som partner i det vidare utviklingsarbeidet saman med NGIR og etter kvart andre aktuelle renovasjonsselskap. Utviklingsbidraget ved kontraktsinngåing 2,0 mill., og ein rabattstruktur på årslisens fram til 2036 gjev ein totalkostnad på om lag 4,0 mill.

Vurderingar av systemet

- Våre sakshandsamarar har fått grundig innføring, og vurdert systemarkitekturen som meir brukarvenleg, oversiktleg og fleksibelt en eksisterande system
- Iteam har vurdert plattform og arkitektur (vedlegg)
 - o Som det kjem fram av vurdering frå iteam AS, er systemet bygd på ei moderne plattform, men dei presiserer at det står igjen ein del utviklingsarbeid. Deler av arbeidet gjeld utvikling av mellom anna «Min side» (NoMil ikkje har i dag), integrasjon mot andre programvarer som faktura- og rekneskapssystem
- Advokat Øystein Iden Knag har vurdert grunnlag knytt til eit framtidig FoU samarbeid (vedlegg).
 - o Forutsetning for å gå inn i ei FoU-avtale, er at det skal utviklast noko nytt som

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.11.2025

ikkje er tilgjengeleg i marknaden. Ei FoU avtale skal ha til hensikt å skaffe ny kunnskap, utvikle eller vidareutvikle nye løysingar.

- Vidare kjenner administrasjonen ikkje til andre norske system i marknaden som kan dekkje vårt framtidige behov.
- Advokat vurderer at ovannemnte grunnar ser ut til å kunne gje fritak for ein anbodskonkurranse.
- Ei god grunngjeving for våre vurderingar er viktig om klage frå andre leverandørar, som då bør underbyggast på ein god måte.

Økonomi

- Som partner vil kundesystemet «Adaptive renovasjon» vil bli omlag kr. 250.000,- rimelegare pr. år en andre samanliknbare system over ein 10-års periode.
- For andre kundar vil systemet bli 50.000,- dyrare pr. år i same perioden.
- NoMil vil saman med NGIR nytte eigne personalressursar og midlar til vidareutvikling av nye modular og løysingar i systemet, til dømes nye heimesider med «Min Side», integrasjon mot vekstsystem og uttrekk av avfallsstatistikk mm.

Risiko

- NoMil er i dialog med leverandør Colombi Micro av det skybaserte økonomisystem Visma NXT. Dei vurderer integrasjon mot Adaptive Renovasjon som uproblematisk. Vi har hatt felles møte med Avinet AS og Colombi Micro om samhandling mellom dei to systema. Det er ikkje avdekket utfordringar knytt til integrasjon.
- Ein risiko er om Avinet AS klarer å skaffe nye kundar for å sikre ein tilstrekkeleg inntening for det vidare utviklingsarbeidet med Adaptive Renovasjon. Samanlikna med årskostnader på eksisterande system, vil oppstartskostnad på 2,0 mill. vere nedbetalt/innspart etter rundt 5 år.
- Risikoen for at «Adaptive Renovasjon» ikkje blir ferdigutvikla eller fasa ut i løpet av dei næraste år er liten.

Samla sett vurderer administrasjonen vurderer at fordelane er større en risikoen med å velje Adaptive Renovasjon/Avinet AS som leverandør.

Vedlegg:

Presentasjon frå Asplan Viak
Forslag til FoU samarbeid
Teknisk vurdering av systemet
Juridisk vurdering av FoU samarbeid

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret gjev administrasjonen fullmakt til å inngå avtale med Avinet AS om kjøp av kundesystemet «Adaptive Renovasjon».

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.11.2025

SAK 40/25 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale

Periode 01.01.2025-31.10.2025

1-3 dagar:	0,55%
4-16 dagar:	0,55%
over 16 dagar:	5,40%
Totalt fråvær:	6,49%

Utfyllande informasjon i møte

Status personal

Personalsaker

Utfyllande informasjon i møte

Presentasjon av ny miljøkonsulent og ny næringskontakt

Utlysing av nye stillingar

Det er no lyst ut ny stilling som Miljøoperatør ved hovudkontoret. Vedkomande skal inngå som ein ressurs i bemanningspool som driftar stasjonane i Eidsmona, i Vedvik, Bremanger og Selje.

Det er i tillegg lyst ut stilling som Driftsoperatør etter intern rulling.

Utfyllande informasjon i møte

Status drift

Lavt kortidssjukefråvær og normal avfallsmengde gjer at arbeidssituasjonen i administrasjonen, på hovudanlegget og ute på avdelingane er tilfredsstillande.

Det er utført ordinært vedlikehald av maskiner og utstyr, og alle lastebilar har fått lagt om til vinterdekk.

Vi er no i prosess med utbytting av 2 renovasjonsbilar med ein ny som har vektsystem. Dette for å imøtekomme ynskjer frå våre eigarkommunar om veking/avfallstatistikk på levert avfall knytt til «Miljøsertifisering». Drifta går elles som planlagt.

Møte med administrasjon i eigarkommunane

NoMil inviterte kommunedirektørane, kommunalsjefane med koordinator til informasjonsmøte i veke 45/25.

Kommunedirektørane ynskjer 2 faste årlege møter med administrasjonen i NoMil for å vere oppdatert på økonomi, budsjett, strategi om ordningar.

Tilsyn frå Statsforvaltar

Kinn kommune er kalla inn til tilsyn 19. november 2025 knytt til ansvaret til kommunen etter forureiningslova – utsortering av hushaldsavfall til førebuing til ombruk og materialgjenvinning.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.11.2025

Tilsynet skal gjennomførast digitalt, og består av intervju/samtale med relevante personar hos verksemda og verifikasjonar i form av gjennomgang av relevant dokumentasjon.

Gjengang av grunnlag for tilsyn – gjennomført plukkanalyse hausten 2025.

Vedlegg:

Varsel om tilsyn

Plukkanalyse mat- og restavfall

Tekstil – status

Utfyllande informasjon i møte

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 41/25 EVALUEING AV STYRE OG DAGLEG LEIING (unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

42/25 Fastsetting av løn dagleg leiar for 2023 og 2024 (unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

Sign. :	
---------	--